



KOPI

Nhb Vest AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13780 - 20/54036

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
01.09.2020

## Tilbakemelding på førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 43/18 og 43/27 Natås

**Tiltak:** Førehandskonferanse  
**Byggjestad:** Gbnr 43/18 og 43/27  
**Tiltakshavar:** Ocean Group AS  
**Ansvarleg søkjar:** Nhb Vest AS

Vi viser til førespurnad om førehandskonferanse mottatt 05.08.2020.

Det er opplyst i førespurnaden at eigar ønskjer å avklara om bygget som står på eigedomen kan byggast om til bustadføremål, enten ved ombygging til fleire mindre husvære, eller å riva eksisterande bygg (bedehus) og føra opp bustadar.

Kommunen har hatt ein førebels gjennomgang av førespurnaden og rammene som ligg til grunn for utbygging av eigedomen.

### Planstatus


Eigdomane ligg i område som i kommunedelplanen for Lindås er avsett til offentleg eller privat tenesteyting og innanfor omsynssone landbruk. Heile gbnr. 43/27 og delar av gbnr. 43/18 ligg innanfor innanfor sikringssone drikkevassforsyning (nedslagsfelt Austevatn).

### Veg, vatn og avløp

Det er ikkje offentleg anlegg for vatn og avløp i området. Tilkomst må skje frå fylkesveg 396.

Begge eigedomane, med unntak av eit mindre areal i søndre del av gbnr 43/27, ligg innanfor byggegrensa mot fylkesveg 396. Eigedomane ligg delvis innanfor støysone.

Utsnitt frå kommunedelplanen



### Førebels vurdering

Søknad om endring av eksisterande bygg til bustadføre mål, eller riving av eksisterande bedehus og oppføringa av bustad, vil vera i strid med arealføre målet og krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon. Planlagt tiltak vil elles kunne koma i konflikt med både byggegrense langs fylkesveg og støysona langs vegen.

Det er ikkje lagt til rette med offentleg vass- og avløpsanlegg og etablering av private tiltak for vatn og avløp kan vera utfordrande i dette området.

Administrasjonen si førebelse vurdering er at vi ikkje vil tilrå å gje dispensasjon for bustadføre mål på eigedomane.

Dersom de framleis ønskjer at det vert halde førehandskonferanse ber vi om at vi får tilbagemelding innan 10.09.2020.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Ocean Group AS	Vabøvegen 221	5955	LINDÅS
Ocean Group AS	Vabøvegen 221	5955	LINDÅS

### Mottakarar:

Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
-------------	------------	------	----------